

Skriftleg spørsmål om søknad om utviding av utsleppsløyva ved Hardingsmolt AS på lokalitet 13156 Tørvikvatnet og søknad om utviding ved BioFish AS lokalitet 12079 Ljonesvågen i Kvam herad

I møtet i hovudutval for næring 5.11.20 gjorde utvalet eit samrøysta vedtak med eit mål om «full utnytting av avfallsressursane» som si innstilling til fylkesutvalet for ei marin satsing i fylket.

Dette er eit klart politisk signal at Vestland fylkeskommune vil krevje full utnytting av avfallsressursane i handsaming av akvakultursaker.

To fiskeoppdrett i Kvam herad har søkt om utviding av landbasert oppdrett der det skal vere mogleg med full utnytting av avfallsressursane og difor ikkje nødvendig med utslepp til fjorden.

I følgje konsekvensutgreiingane frå Rådgivende Biologer AS, vil utvidingane som er søkt om føra til at ei høg mengd av avfallsstoff vert slept ut i fjorden – ei samla årleg ureining på 197,7 tonn Nitrogen, 21,25 tonn Fosfor og 317,2 tonn Karbon/organisk stoff frå dei to anlegga.

Dessa avfallsstoffa frå den landbaserte produksjonen er ein viktig ressurs som må heller nyttast til biogass, gjødsel o.s.v.

Då spør eg:

Vil Vestland fylkeskommune krevje full utnytting av avfallsressursane i dei endelege vedtaka for utviding av utsleppsløyva ved Hardingsmolt AS på lokalitet 13156 Tørvikvatnet og søknad om utviding ved BioFish AS lokalitet 12079 Ljonesvågen i Kvam herad?

Vestland fylkeskommune har vedtatt i Utviklingsplanen eit mål om nullutslepp 2030.

Då spør eg:

Har Vestland fylkeskommune vurdert klimagassutslepp i samband med handsaming av desse utvidingane og vil fylkeskommunen gjere noko i vedtaket som legg føringar for utvidingane, med krav om ein reduksjon i klimagassutslepp i samsvar med nullmålet 2030?

Mark Taylor MDG Vestland